



Nasjonalparkstyret
for Jotunheimen
og Utladalen

Møteprotokoll

Utval: Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen
Møtestad: Teams
Dato: 13.12.2022
Tidspunkt: 14:30 - 15:30

Følgjande faste medlemmer møtte:

Navn	Funksjon	Representerer
Leif Solemsli	Leder	VANG
Marit Sletten	Nestleder	LOM
Trude Brosvik	Medlem	VLFK
Turi Elise Kaus	Medlem	IFK
Harald Sve Bjørndal	Medlem	VÅGÅ

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Representerer
Hilmar Høl	Medlem	ÅRDAL
Ivar Kvalen	Medlem	LUSTER

Følgjande varamedlemmer møtte:

Navn	Møtte for	Representerer
Anne Kauppi	Hilmar Høl	ÅRDAL

Merknader:

Fast medlem fra Luster varsla fråfall like før møtestart, så det var ikkje aktuelt å kalle inn vararepresentanten.
Frå Statens Naturoppsyn møtte Rigmor Solem.

Andre frammøtte:

Navn
Kari Sveen
Eldrid Nedrelo

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som blei vedteke på møtet.

Leif Solemsli

Trude Brosvik

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 46/2022	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 47/2022	Referatsaker		
RS	Ny vararepresentant i nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen		2020/3369
RS	Besøksstrategi Besseggen - Oppdatert etter høyring og gjennomgang i styringsgruppa		2022/2755
ST 48/2022	Delegerte vedtak		
43/2022	Delegert vedtak - Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Løyve til bruk av kommersielt merke Jotunheimen - Fyrst og Fremst AS		2022/11938
44/2022	Delegert vedtak - Dispensasjon - Utladalen landskapsvernområde - Motorferdsel - Helikopterflyging - Opprydding av mista gjenstandar - Ekehaug Maskin AS		2022/11020
45/2022	Delegert vedtak - Jotunheimen Nasjonalpark - Endra tidspunkt - Dispensasjon - 2023 - Motorferdsel og konsertarrangement - Glitterheim Turisthytte		2019/14799
46/2022	Utladalen landskapsvernområde - Dispensasjon - 2022 - 2023 - Bruk av drone for filming - Visit Sognefjord		2022/11043
ST 49/2022	Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Driftsmidlar - Informasjonsarbeid - Kartlegging - 2023		2021/11581
ST 50/2022	Eventuelt		

ST 46/2022 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 13.12.2022

Behandling

Det var ingen merknader til innkalling og dagsorden.

Forslag om at Trude Brosvik signerer protokollen saman med styreleiar.

Vedtak

Innkalling og dagsorden godkjent.

Trude Brosvik vart vald til å signera protokollen saman med styreleiar

ST 47/2022 Referatsaker

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 13.12.2022

Behandling

RS 28/2022 Ny vararepresentant i nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen
Miljødirektoratet har etter oppmoding frå Innlandet fylkeskommune oppnemnt Rune Øygarden (H) som ny vararepresentant i nasjonalparkstyret. Han erstattar Svein Håvar Korshavn for resten av inneverande valperiode.

RS 29/2022 Besøksstrategi Besseggen - Oppdatert etter høyring og gjennomgang i styringsgruppa

Besøksstrategi for Besseggen er ferdig. Innspel frå høyningsrunden frå våren 2022 er innarbeidd. Det er søkt om autorisasjon som Nasjonal Turiststi, men det manglar ei avklaring på parkeringsløysinga. Vågå kommune og Nasjonale Turistveger arbeider med dette. Besøksstrategien vil bli lagt ut på heimesida til nasjonalparkstyret, så snart vi får den endelege versjonen med dei siste justeringane. <https://www.nasjonalparkstyre.no/Jotunheimen>.

Vedtak

Nasjonalparkstyret tek referatsakene til orientering.

ST 48/2022 Delegerte vedtak

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 13.12.2022

Behandling

Vedtak

Delegerte saker vart teke til orientering.

ST 49/2022 Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Driftsmidlar - Informasjonsarbeid - Kartlegging - 2023

Innstilling frå forvaltar

Med bakgrunn i gjeldande vedtekter pkt. 8.2 og 8.4, og internsjonsavtale med Norsk fjellsenter frå 2019 legg Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen inn søknad om delfinansiering av ein fagleg ressurs til å drive informasjonsarbeid og kontakt mot reiselivet. Vidare ser ein behov for kartlegging av belastning/slitasje på eit mykje brukt utfartsområde. Desse postane kjem i tillegg til sak 43/2022 om tiltaksmidlar.

1. Styret melder inn kr.300 000,- i driftsmidlar til budsjettposten 1420.31 for 2023.

Midlane skal inngå i eit spleiseland med Norsk fjellsenter, Reinheimen og Breheimen, for etablering av ei 100% stilling til informasjon og kommunikasjonsarbeid for å kunne drive meir strategisk besøksforvaltning. Eit samarbeid mellom dei 3 verneområda og besøksenteret synest mest kostnadseffektivt, og kan også gje synergiar i form av meir samarbeid på tvers av vernegrenser. Gjennom eit samarbeid om kommunikasjonsoppgåver kan ein i større grad styre ferdsla mot robuste område som toler besøk, og skjerme sårbare område som t.d. vinterbeite og kalvingsområde for villrein.

2. For kartlegging av effektane av ferdsel i særleg trafikkerte område blir det søkt om midlar over post 14.20.21.

3. I søknad om driftsmidlar til nasjonalparkstyret for 2023 blir det lagt inn eit beløp på 40.000 for arrangement ved opning av den nye utsikten ved Vettifossen.

--- slutt på innstilling ---

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 13.12.2022

Behandling

Trude Brosvik viste til tidlegare sak handsama av nasjonalparkstyret, sak 44/2022 om ressurs for informasjonsarbeid knytt til forvalting av dei store verneområda, der det var vurdert at fleire alternativ er aktuelle, t.d. Rådhuset i Luster som er forvaltingsknutepunkt for verneområda Jotunheimen, Breheimen og Jostedalsbreen, i tillegg til alternativet ved Fjellsenteret i Lom. Med bakgrunn i dette stilte Brosvik spørsmål ved kva prosess som har vore i forkant av den framlagde innstillinga i denne saka.

Forvaltar (i Innlandet) syntet til e-post frå Miljødirektoratet av 10.11.2022 med orientering om at "Miljødirektoratet vil trolig også få i oppdrag å foreslå en ordning for fast fordeling av grunnstøtte til nasjonalpark- og verneområdestyrer for vedlikehold av infrastruktur, informasjonsarbeid mv, men som også skal kunne dekke den type driftsoppgaver som det er problematisk å kunne dekke innenfor dagens budsjettrammer. Dette er en ordning som, dersom den blir innført, vil gjøre det unødvendig å søke om denne type utgifter fra år til år. Vi ber derfor om at dere presiserer hva dere har av denne type årlige kostnader i søknadene om midler på post 1420.31 for 2023", og vidare til at Reinheimen også ser stort behov for informasjonsressurs og at Norsk Fjellsenter som autorisert senter for desse nasjonalparkane er på tilbodssida.

Brosvik kommenterte at ho er glad for å ha miljø som hiv seg rundt og balanserer mot den strategiske styringa dersom slike ting avgjer korleis ein planlegg vidare, men er i tvil om den strategiske styringa i dette tilfellet.

Harald Sve Bjørndal viste til intensjonsavala (omtala i saka) mellom Norsk Fjellsenter og nasjonalparkstyret frå 2019, at Fjellsenteret i Lom er forvaltingsknutepunkt og at initiativet dermed ikkje kunne vere så forhasta.

Vedtak

Som innstillinga.

ST 50/2022 Eventuelt

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 13.12.2022

Behandling

Orientering om Utladalen nasjonalparksenter, inngangsporten til Jotunheimen frå vest
Torunn Todal Laberg, styreleiar i Utladalen Naturhus, og Trine Grøttebø frå Årdal Utvikling orienterte om arbeidet med Utladalen nasjonalparksenter, inngangsporten til Jotunheimen frå vest.

Bakgrunn for arbeidet er ei oppmading frå Årdal kommune knytt til nyhenda om at Regjeringa vil ha nasjonalparksenter på vestsida av Jotunheimen. Årdal kommune meiner det er viktig å spreia kunnskap om nasjonalparken. Utladalen Naturhus AS vart etablert som ei stifting i 1998 og har gjennomført skjøtselsarbeid i Utladalen. Naturhuset viser til grunnlaget for vernet av Utladalen landskapsvernområde og Jotunheimen nasjonalpark for å grunngje behovet for eit nasjonalparksenter, samt moglegheitene knytt til Folkevegen gjennom Vettisgjeli. Arbeidet med bygging av Folkevegen (1973-1977) er mest truleg Norges største dugnadsprosjekt. Gjennom prosjektet ønskjer ein også å sjå på koplinga med formidlingspunkt knytt til vern av natur vs. utnytting av naturressursar med bakgrunn i historia i Årdal med industri- og kraftutnytting.

Eit ledd i prosjektet vil også vera å utarbeida søknad om Vettisvegen som Nasjonal turiststi.

Organisering: Utladalen Naturhus vil stå som søker (støtta av styret i Utladalen Naturhus AS). Initiativet kom frå Årdal kommune som nasjonalparkkommune. Årdal Utvikling vil vera prosjekteigar med Visit Årdal som prosjektleiar. Angåande drift tek ein sikte på å bygga rundt eksisterande organisasjon, men ein ser behov for utviding av styret.

Bygg og uteområde: Eksisterande utstilling står seg, men ein må sjå på vidareutvikling for å støtte krava, og det er behov for oversetting av informasjon til engelsk.
Området er godt eigna for å legge til rette for universell utforming, det er tilgjengeleg for mange fram til Vetti Gard, uteområdet ved Naturhuset er tilrettelagt med sti for rullestolbrukarar og universelt utforma toalett. Vidare føreligg det allereie gode samarbeidsavtalar.

Det vil vera behov for jamlege teljingar av besökande for å støtte krava til drift av besökssenter.

Bemannning: Ein fulltidstilsett, ein sesongtilsett, samt ein person frå kommunen, hydro og reiseliv.

Ein ynskjer å legge til rette for informasjon om nasjonalparken og landskapsvernombordet, med vekt på natur- og kulturhistoria og å legge til rette for arrangement. Naturhuset er tilgjengeleg heile året, og Naturhuset legg opp til at det skal vera eit temasenter med tema nasjonalpark, men ein ser også moglegheita for å kunne informere om andre mindre verneområde i Årdal.

Det er ein føresetnad at nasjonalparkstyret støttar søknaden og at søker kan legge ved ei erklæring frå nasjonalparkstyret.

Leif Solemsli takkar for god og interessant presentasjon og stiller med bakgrunn i planane som er lagt fram spørsmål ved kvifor ikkje Årdal kommune kunne ta ansvar for plattforma.

Trude Brosvik deler forundringa, men både Solemsli og Brosvik kommenterer samstundes at dei tykkjer det er veldig flott om ein får til dette.

Styreliar viste med bakgrunn i erfaring frå tidlegare søknad frå Visit Valdres, til at det er viktig å få fram tematiseringa i søknaden.

Det må leggast fram ei sak med framlegg til støtteerklæring for styret.

SNO-ressurs Jotunheimen

Rigmor Solem orienterte om at Øyvind Angard (tidlegare SNO Breheimen) no har gått over til ny jobb i rovviltseksjonen i SNO. Det vil bli lyst ut ei ny SNO-stilling i Breheimen som også vil kunne dekke behov i Jotunheimen og Reinheimen, og Angard skal også kunne jobbe i Jotunheimen. Når Solem sluttar neste år vil stillinga hennar bli lyst ut.

Orientering om tilleggsmidlar

Forvaltar orienterte om at Miljødirektoratet har løyvd restmidlar til utsiktpunktet i inneverande år, slik at midlane som Årdal kommune har stilt som garantist for bli tilbakebetalt i inneverande år.

Neste møte i nasjonalparkstyret

Det vart gjort framlegg om at første møte i nasjonalparkstyret i 2023 blir den 24. januar. Forvaltar sender ut kalenderinnkalling.

Vedtak

Nasjonalparkstyret tek sakene til orientering.